


LexicoNordica

Forfatter:	Tore Nettet & Trond Trosterud [<i>Ny norsk-russisk ordbok: Ei leksikografisk storhending</i>]	
Anmeldt værk:	Valerij Berkov (red.): <i>Stor norsk-russisk ordbok</i> . Oslo: Kunnskapsforlaget, 2003 (2. opplag 2005). 1605 s.	
Kilde:	LexicoNordica 12, 2005, s. 273-284	
URL:	http://ojs.statsbiblioteket.dk/index.php/lexn/issue/archive	

© LexicoNordica og forfatterne

Betingelser for brug af denne artikel

Denne artikel er omfattet af ophavsretsloven, og der må citeres fra den. Følgende betingelser skal dog være opfyldt:

- Citatet skal være i overensstemmelse med „god skik“
- Der må kun citeres „i det omfang, som betinges af formålet“
- Ophavsmanden til teksten skal krediteres, og kilden skal angives, jf. ovenstående bibliografiske oplysninger.

Søgbarhed

Artiklerne i de ældre LexicoNordica (1-16) er skannet og OCR-behandlet. OCR står for 'optical character recognition' og kan ved tegngenkendelse konvertere et billede til tekst. Dermed kan man søge i teksten. Imidlertid kan der opstå fejl i tegngenkendelsen, og når man søger på fx navne, skal man være forberedt på at søgningen ikke er 100 % pålidelig.

Tore Nasset & Trond Trosterud

Ny norsk-russisk ordbok: Ei leksikografisk storhending

Valerij Berkov (red.): *Stor norsk-russisk ordbok*. Oslo: Kunnskapsforlaget, 2003 (2. opplag 2005). 1605 s.

Når to ulike språksamfunn møter kvarandre, er ein av dei mest grunnleggjande føresetnadene for at samkvemmet skal bli vellykka, at ein har gode ordbøker til å hjelpe seg med.¹ Samkvemmet mellom Russland og Noreg har aldri vore større enn i dag. Behovet for ei russisk-norsk ordbok vart dekt da V.P. Berkovs framifrå Russisk-norsk ordbok kom i 1987, men saknet av ei god og fyldig norsk-russisk ordbok har vore stort. Det einaste større verket som har vore tilgjengeleg, er den notorisk upålitelege Arakin (1963). Det var derfor med spenning og store forventningar vi opna *Stor norsk-russisk ordbok* (SNRO). Lat oss seie det med ein gong. Forventningane vart meir enn innfridde. Ikkje bare er ordboka særskilt omfattande, det er òg ei ordbok av høgste kvalitet hovudredaktør Valerij Berkov og medredaktørane Helgi Haraldsson og Steinar Kottum har laga. SNRO er ei storhending for alle som arbeider med norsk og russisk – og for nordisk og russisk leksikografi i det heile. Til skilnad frå andre store tospråklege ordbøker som kjem ut i Noreg er dette ei *symmetrisk* ordbok, ei ordbok som tar like mykje omsyn til både den norske og den russiske brukaren. Leksikografar gjør ofte eit poeng ut av at eit kvart språkpar treng minst fire ordbøker, produksjons- og resepsjonsordbøker for begge brukargruppene. I praksis er dette som oftast umogleg, av ressursomsyn, og SNRO er ei ordbok å gå til for å sjå korleis ein kan gå fram for å lage ei ordbok for begge brukargruppene.

I det følgjande skal vi sjå nærare på noen sider ved ordboka, både sjølve ordlistene og det rike utvalet av for- og ettertekstar som gjev mye informasjon om norsk og russisk språk, og også om norske samfunnsforhold.²

¹ Vi vil takke Marianne Lund for interessante diskusjonar under arbeidet med denne artikkelen.

² Om forfattarane: TN er slavist, og snakkar russisk flytande. TT er fennougrist, og har studert nok russisk til å klare seg på feltarbeid i Russland, og til å lese russisk-språkleg faglitteratur på originalspråket – med ordbok.

Lemmaforrådet

Det første spørsmålet ein ordboksbrukar stiller seg, er sjølv sagt om ein finn alle dei orda ein treng. Når ein blar i SNRO, blir ein fort imponert over det rike lemmautvalet. Ein indikasjon på at utvalet er godt, er at mange ordgrupper som på ulike vis er marginale i ordforrådet, er fyldig representerte i ordboka. Slike grupper er slang-ord og sjargong, der ein m.a. finn oppslagsord som *dop*, *harry*, *hypp*, *kjip*, *kul*, *nykter* og *speed*. Også nyord med mindre slang-preg finn ein mange av, t.d. *byte*, *nyhets-anker*, *rack*, *rusbrus*, *sparedusj* og *snøbrett*. Ei anna stilistisk marginal gruppe som er godt representert, er tabuorda. Det er viktig at dei er med, for mange brukarar vil kvi seg for å spørje om kva dei tyder, og korleis dei blir brukte. Stort sett får ein den informasjonen ein treng, om ein slår etter i SNRO. Av andre "marginale" ordgrupper ein finn i ordboka kan ein nemne barnespråksord (t.d. *puselanke* og *suss*) og noen dialektuttrykk (t.d. *bætterdø*). Sjølv om det er ein del ord og uttrykk som manglar (t.d. *inntjeningsstid*, *klistremerke*, *psykisk utviklingshemma*, *uomtenksom* og *utagering*), er hovudinntrykket vårt at lemmaforrådet i SNRO er svært godt, og at det på ein sær sars god måte speglar norsk språk i dag.

For å gjøre vurderinga vår meir etterprøvbar har vi undersøkt to semantiske felt nærare: helse og juss. Vi tok utgangspunkt i dei tematiske ordlistene i *Fagordbok for tolker – Norsk-polsk* (1994:309ff.). Dette er rett nok ikkje ei heilt rettvis samanlikning, for ei fagordbok rettar seg mot ei smalare og meir spesialisert brukargruppe enn ei allmennordbok som SNRO. Eit atterhald ein må ta, er òg at det innafor rammene av ei bokmelding som dette ikkje er råd å vurdere kor god *Fagordbok for tolker – Norsk-polsk* er utifrå sine eigne premissar. Like fullt trur vi at om ei allmennordbok kan matche ei spesialordbok på eit semantisk felt, så er det ein indikasjon på at lemmautvalet i allmennordboka er godt.

Først undersøkte vi kor mange av dei 250 første helsetermane i *Fagordbok for tolker – Norsk-polsk* (1994:318f.) som finst i SNRO. Resultatet var imponerande: 219, dvs. 88 %. Meir imponerande blir resultatet når ein ser nærare på dei 31 orda ein ikkje finn i SNRO:

A-klinikk, albuebein, amalgamfylling, ambulansesjåfør, apotek-tekniker, appetittnedsettende, audiograf, avdelingshjelp, barsel-tid, bedriftslege, bekkenbunn, bioingeniør, blyteppe, cand. pharm., eggehvite i urinen, feberkrampe, flerfødsel, foster-vannsprøve, fylkeshelsesjef, fylkeshelsetjeneste, fylkeslege, fylkestannlege, Føllings sykdom, gå av ledd, helse- og sosial-kontor, helse- og sosialstyre, helsedelsavgift til folketrygden,

helsesjekk, helsevern for psykisk utviklingshemmede, hjemmesykepleier, hælbein

Noen av desse termene er såpass spesialiserte at ein kanskje ikkje kan forvente å finne dei i ei allmennordbok. Fleire av orda i (1) er også nokså transparente samansetningar som det knapt er naudsynt å ha med. Når ein t.d. finn både *ambulanse* og *sjåfør* i SNRO, treng ein strengt tatt ikkje å ha med *ambulansesjåfør*.

For juss undersøkte vi dei 250 orda lengst bak i alfabetet i *Fagordbok for tolker – Norsk-polsk* (1994:326ff.). Dekningsgraden i SNRO viste seg å vere litt lågare, 197 av 250 (79 %), men også dette må seiast å vere eit særst godt resultat. Som ein ser av lista over dei 53 orda som manglar, er det også her mange ord som ikkje har noen naturleg plass i ei allmennordbok som SNRO:

rettslig etterforskning, riksborgerrettsloven, saksforberedelse, sameieloven, separasjonstid, separasjonsår, separert, setteverge, sikringsdom, sikringsdømt, sjømannsskatteloven, skattebetalingsloven, skattesvindel, skifteattest, skifteforvalter, skjellig grunn til mistanke, sorenskriverkontor, sosialomsorgsloven, straffeforhøyende omstendighet, straffenesdettende omstendighet, straffeprosess, straffespørsmål, subsidiær påstand, subsusidiær påstand, svogerskap, taushetsbrudd, testamentsarv, tilsynsverge, tinglysningssak, tjenesteforbrytelse, tjenesteforseelse, tjenesteforsømmelse, tolloven, tomtfesteloven, tredje arvegang, tvangsgrunnlag, tvangsinndrivelse, underfogd, unndragelse, unntaksbestemelse, utarving, utlendingsavdelingen, utlendingsloven, valutareguleringsloven, vegtrafikkloven, veiledningsplikt, vergemål, visumfri, visumkrav, vitneplikt, voksenopplæringsloven, yrkesskadetrygdloven, økonomisk forfølgelse

Lesaren har sikkert merka seg at vi stort sett bare har vurdert lemmaforrådet utan å spørje om oversetjingane i SNRO er gode – noe som sjølvstøtt er eit like viktig spørsmål. Ettersom ingen av oss har russisk som morsmål, skal vi vere forsiktige med å uttale oss her. Men hovudinntrykket er særst godt. Finn ein eit ord i SNRO, kan ein stort sett lite på at det verkeleg har den tydinga og bruksmåten som ordboka oppgjev. Skilnaden til ”forgjengaren” Arakin (1963)/Arakin (2001) er stor. Enkelt sagt kan du lite på SNRO, men ikkje på Arakins ordbok.

Særnamn

SNRO har tatt med mange særnamn, både geografiske namn og personnamn (for- og etternamn). T.d. finn ein oppslagsord som *Haugesund*, *Nordland*, *Hildegunn* og *Waitz, Grete*. Det er fint, for det gjev brukarane råd om korleis namna skal skrivast med kyrilliske bokstavar. Det er sjølvsagt eit skjønsspørsmål kva som skal med, men rimelegvis må ein krevje at eit namn er vanleg og/eller viktig for at det skal ha noen plass i ordboka, samstundes som det ikkje er lett å overføre det til kyrillisk. Som ein stikkprøve kan vi sjå nærare på kategorien “norske statsministrar etter 1940”. Her har ordboksforfattarane valt å ta med *Nygaardsvold*, *Gerhardsen*, *Bratteli* og *Brundtland*, men ikkje *Lyng*, *Borten*, *Willoch*, *Syse*, *Stoltenberg* eller *Bondevik*. Det er ikkje så lett å sjå logikken i dette. T.d. skulle *Willoch* vere like problematisk å translitterere som *Brundtland*, og mindre viktig er det vel heller ikkje.

Når ein overfører norske namn til kyrillisk skrift, er spørsmålet om ein skal ta utgangspunkt i den norske skrivemåten eller uttalen. SNRO går ganske langt i retning av det siste alternativet, ikkje uventa, når ein veit at dette er måten utanlandske (t.d. franske, tyske og engelske) namn blir translitterert på russisk. T.d. blir førsteleddet *nord-* gjeve att som *nur-* i *Nordland*, *Nordmarka*, *Nordmøre* og *Nord-Trøndelag*.³ For *Nordkapp* og *Nordkinn* har forfattarane derimot valt *nord-* som speglar skrivemåten på norsk, kanskje fordi dette er den forma ein finn i russiske leksika (t.d. Prochorov (red.) 1970–81, 2004). Dei andre namna på *nord-* er ikkje representerte i desse russiske oppslagsverka. Men i andre tilfelle følgjer SNRO uttalen, sjølv om dei nemnde oppslagsverka ikkje gjør det. Eit døme er *Tromsø* som SNRO skriv som *Trumsë* i staden for *Tromsë*, som er den forma ein finn i oppslagsverka. Det ligg nær å tru at denne avgjerda vil skape fleire problem enn ho løyser. Av og til kan det virke som SNRO ikkje er heilt konsekvent. Namnet *Roald Amundsen* blir skriva *Rual’ Amundsen* i Prochorov (red.) (1970–81, 2004). SNRO har fjerna det blaute teiknet til slutt i fornamnet, truleg fordi det ikkje er motivert ut i frå norsk uttale, i alle fall ikkje om ein tek standard austnorsk som utgangspunkt. Men når ein først vel å leggje uttalen til grunn, kunne ein kanskje samstundes også kvitte seg med den stumme *d*’en i etternamnet, men det har ikkje SNRO gjort. Kva ein skal gjøre med innarbeidde inkonsekvensar er eit klassisk dilemma. Med den statusen SNRO har som standardverk kunne ho vore prinsippfast nok til å følgje sine eigne retningslinjer fullt ut, og translitterere fonetisk.

³ I denne artikkelen translitterer vi kyrillisk skrift vha. det vitenskaplege systemet som blir brukt i det skandinaviske fagtidsskriftet *Scando-Slavica* (jf. s. 201 i toms 26, 1980).

Bokmål – nynorsk

Når ein skal lage ei ordbok frå norsk til eit framandspråk, må ein avgjøre korleis ein skal stelle seg til det at norsk har to målformer. Den enklaste og billegaste løysinga er å ignorere nynorsk, og forfattarane av SNRO skal ha stor takk for at dei ikkje gjorde det. Når ein først vel å ta begge målformer med, blir spørsmålet om ein skal ha separate ordlister for dei to målformene, eller om ein skal ha bokmål- og nynorskord i same ordliste. SNRO har valt den første løysinga. Hovudordlista inneheld bokmålsord, men eit om lag 30 siders langt tillegg inneheld ei liste med nynorskord som ikkje er ”regelmessige lydlike variantar av tilsvarende bokmålsord” (SNRO: 11). Ein ulempe med dette er at ein brukar (t.d. ein med russisk som morsmål) som ikkje har ei sikker kjensle for kva ord som høyrer til det spesifikt nynorske ordforrådet, av og til vil måtte slå opp i begge listene før han finn det ordet han leiter etter. På den andre sida er det ulempar med ei felles ordliste for begge målformer også. I ei slik ordliste ville ein trenge indeksar for å vise kva målform eit ord tilhøyrer, eller om det kan brukast i både bokmål og nynorsk. Ei ordbok som vel den integrerte løysinga er Haugen 1965, og vi syns nok Haugen har den beste løysinga. Det viktigaste er likevel at ordboka inneheld både bokmål- og nynorskord. Det gjør SNRO til eit betre hjelpemiddel både for norske og særleg for russiske brukarar enn ho elles ville ha vore.

Substantiv

For å gje lesarane eit betre inntrykk av ordboka vil vi kommentere strukturen til ordboksartiklane. Vi byrjar med substantiva. Under det nokså tilfeldig valde oppslagsordet *kalv* finn ein følgjande informasjon i SNRO:

kalv m1 **1** (*dyr*) telënok¹⁰; *bib.* teléc^{5*b}; (*elg-*) losënok; (*reins-*) olenënok; kua går med ~ koróva – stél'naja; kua vil ikke ta ~ koróva ne stanóvitsja stél'noj **2** (*matrett*) teljátina^{1a} **3** (*kløne*) úvalen^{2*a}, neukljúzij {nepovorótlivij} čelovék **4** (*om isbre, isfjell*) odelívšajasja čast^{8c} ledniká {ájsberga} **5** *dial.* (*mindre innsjø*) ozerkó^{3bΔ}, ozercó^{5*d/ë}; (*øy*) ostrovók^{3*b} **6** (*åpning til teine, garnpose o.l.*) kónus^{1a} (*venterja*) **7** (*line i taukjerne*) žíla^{1a} serdečnika (*trosa*) ◇ **drikke som en** ~ chlestát^{6c} vódu, byt'

vodochlëbom; **kua glemmer at den har vært** ~ *posl.* ≈ *my*
 zabyváem (o tom), kakími *my býli* v mólodosti

Her er det fleire ting ein skal merke seg. For det første skil SNRO seg frå mange andre ordbøker ved at også substantiv har artiklar med kompleks struktur. For *kalv* finn ein t.d. ikkje mindre enn sju tydingar. Det er bra. For det andre er dei ulike tydingane godt beskrivne. Som vi ser, finn vi små forklaringar i parentes og døme på ulike omsetjingar. I tyding 5 får ein i tillegg vite at *kalv* her høyrer til dialektordforrådet. For det tredje ser vi at vi finn informasjon om fraseologismar til slutt i artikkelen. For det fjerde kan ein merke seg at ikkje bare det norske oppslagsordet, men også mange av dei russiske omsetjingane, har indeksar som viser korleis dei blir bøygde. Enkelte brukarar ville kanskje heller ha fått utvalde bøyingsendingar i parentes. Men sjølv om eit slikt system har ein lågare brukarterskel, er det ikkje tvil om at indeksar er ei betre løysing. Ho er meir presis og krev mye mindre plass. Heldigvis har forfattarane ikkje utvikla eigne indekssystem for SNRO, men i staden brukt systemet i Bokmålsordboka for norsk og Zaliznjaks (1977) system for russisk som også er brukt i Berkov (1987). Brukaren treng altså ikkje å setje seg inn i eit nytt indekssystem. Om ein ikkje veit kva ein indeks står for, kan ein slå etter i detaljerte tabellar i ordboka. For det femte kan ein leggje merke til at alle russiske fleirstavingsord (ikkje bare substantiv) har trykkmarkering. Sjølv om det ikkje går fram av artikkelen i (3), har alle norske fleirstavingsord markert trykk og tonem. Lat oss til slutt nemne ein finesse som truleg er særns nyttig for russiske brukarar. I SNRO er stumme konsonantar i norsk markert med ein prikk under bokstaven. Ettersom norsk ikkje har tradisjon for uttalenormering, må slik markering i mange tilfelle vere skjønnsmessig. Som ein stikkprøve såg vi på alle samansettingar med *med-* som førsteledd. I eit par tilfelle stussa vi litt (t.d. får ein vite at det er stum d i *medansvar*), men stort sett ser det ut til at ein på denne enkle måten får formidla mange god råd om norsk uttale. Alt i alt er det imponerande kor mye informasjon forfattarane har greidd å presse inn på liten plass.

Verb

Mye av det vi har sagt om substantiv gjeld *mutatis mutandis* for verb òg. I det følgjande skal vi kommentere noen særtrekk ved verb. For nordmenn som lærer seg russisk, er aspektkategorien eit c-moment. I regelen svarer kvart norske verb til to russiske verb, eit imperfektivt og eit perfektivt, som står i eit avleiingsforhold til kvarandre. Det er såleis

viktig at ein får informasjon om begge dei russiske aspektpartnerane når ein slår opp på eit norsk verb. Vidare er det viktig at ein lett kan sjå kva verb som er imperfektivt, og kva som er perfektivt. SNRO har løyst desse problema på ein enkel og elegant måte. Begge parverba er alltid med, og det imperfektive er alltid nemnt først, slik at det aldri er tvil om eit verb er imperfektivt eller perfektivt. Ei liknande løysing har ein valt for ei gruppe rørsleverb der det norske verbet svarar til to russiske – eit s.k. einretningsverb og eit fleirretningsverb. Også her finn den norske brukaren den informasjonen han treng, og det er lett å finne fram til han. For russiske brukarar skulle ein tru at modale hjelpeverb er av særleg interesse, ettersom russisk ikkje har noen tilsvarande kategori. Så langt vi kan sjå, gjev SNRO fyldige artiklar med god og oversiktlig informasjon om ulike tydingar og bruksmåtar.

Når ein skal produsere tekst på eit framand språk, er det ikkje nok å vite kva verbet heiter på det andre språket. I tillegg treng ein informasjon om kva preposisjon verbet vil ha, og i vårt tilfelle også kva kasus objektet skal stå i på russisk. Som ein stikkprøve undersøkte vi alle dei russiske verba som styrer dativ og er lista opp i Mathiassen (1996:247). Om dette ikkje er noen lang liste, er resultatet like fullt oppmuntrande. Av i alt 22 verb har 20 greie ekvivalentar i norsk som det var lett å finne i SNRO, og i 17 av desse 20 verba seier ordboka eksplisitt at objektet skal stå i dativ. Men markeringa ser ikkje ut til å vere heilt konsekvent; i noen tilfelle finn ein ein russisk *d* for dativ etter verbet (jf. *pomogat* 'hjelp'), medan ordboka i andre tilfelle bruker dativforma av pronomenet *čto-libo* 'noe' for å få fram at verbet styrer dativ. Ved dei tre verba *sposobstvovat* 'fremme', *podchodit* 'passe' og *nadoedat* 'trette ut' fann vi ikkje noen eksplisitt markering av kasusen i objektet, men ut frå døma i ordboksartiklane kan ein likevel slutte seg fram til at verba styrer dativ.

Reksjon er mest aktuelt for verb, og vi har ikkje granska reksjon ved andre ordklassar systematisk. Lat oss likevel gjøre ein kort avstikker attende til substantiva. Ideelt skulle ein ønskje at det går fram kva kasus objektet til russiske verbalsubstantiv skal stå i, men her verkar det ikkje som SNRO alltid har med nok informasjon. Slår ein t.d. opp på *for-ræderi*, finn ein to synonym, *izmena* og *predatel'stvo*, men det står ikkje eksplisitt at det første styrer dativ og det andre genitiv. Rett nok finn ein eit eksempel med *izmena* + dativ, men ettersom det ikkje er noe eksempel med *predatel'stvo* kan ikkje brukaren vere heilt sikker på kva kasus ein skal bruke i lag med dette substantivet.

Når det gjeld verbeksjon i norsk, som er særskilt viktig for russiske brukarar, valte vi å sjå nærare på verb med preposisjonsobjekt. Vi tok utgangspunkt i dei verba som er brukte som eksempel i Faarlund, Lie og

Vannebo (1997:697ff.). Av dei 40 verba vi kontrollerte, fann vi ikkje informasjon om preposisjonen for fire av dei: *jamføre med, krangle med, skrive om, spekulere på*.⁴ Dette er eit godt resultat, men om det skulle vise seg at den vesle stikkprøven vår er representativ for heile ordboka, har nok SNRO eit lite forbettringspotensial her.

Preposisjonar

Preposisjonar og andre lukka ordklasser steller ordboksforfattarar overfor andre utfordringar enn opne klassar som substantiv og verb. Mange preposisjonar har svært mye polysemi, og det er derfor ikkje lett å klassifisere dei ulike tydingane og bruksmåtane på ein oversiktleg og informativ måte. Særskilt vanskeleg er det å gjøre både norske og russiske brukarar til lags. Rimelegvis må ei norsk-russisk ordbok ta utgangspunkt i tydingane til dei norske preposisjonane, men klassifiseringa bør også hjelpe ein nordmann som skal produsere russisk tekst, til å finne fram til rett preposisjon på russisk. I ei ideell verd skal derfor ordboksartikkelen dele inn tydingane til preposisjonane på ein måte som gjev god mening i begge språk. Å seie at dette er ei vanskeleg oppgåve er ikkje å ta for hardt i. For å få eit inntrykk av korleis preposisjonane er handsama i SNRO, såg vi nærare på oppslagsordet *til*, som truleg er ein av dei vanskelegaste preposisjonane å beskrive.

Hovudinstrykket er – som elles for SNRO – godt. Forfattarane har delt artikkelen inn i tre hovudtydingar som er intuitive og like relevante for begge språk: stad, tid og ”ulike abstrakte forhold”. Desse tre tydingane er gjevne i halvfeit skrift, slik at det er lett å finne fram til den delen av den lange ordboksartikkelen ein er interessert i. Under kvar av dei tre hovudtydingane finn ein frå fire til fjorten ulike tydingar. Klassifikasjonen ser ut til å gje god mening for norsk, men er kanskje ikkje alltid til like stor hjelp for ein norsk brukar som lurar på korleis han skal setje om *til* i eit konkret eksempel. Under tydinga ”ved angivelse av mål” finn ein døme som *følge til døra, dra til Russland og komme (bort) til vinduet* som krev ulike preposisjonar på russisk. Ut over den informasjonen som er innbakt i sjølve eksempla, får ikkje brukaren her noen opplysningar om vilkåra for valet av preposisjon på russisk. Det er synd, for preposisjonsbruken har samanheng med systematiske tydingsskilnader i dei tre døma. Mot slike ideelle ønskjemål

⁴ Rett nok har SNRO *skrive om* i tydinga ‘omskrive, skrive på nytt’, men den tydinga som er meint i Faarlund, Lie og Vannebo (1997:704), er den vi finn i døme av typen ’ho skriv om noe ho har opplevd’.

kan ein sjølvsagt argumentere at det er grenser for kor mye russisk grammatikk ein kan få med i ei norsk-russisk ordbok. Og rett skal vere rett: I det store og heile har SNRO fått med svært mye. Kommentaranane om omsetjinga av *til* i possessive konstruksjonar og ved indirekte objekt er t.d. glimrande. Det same kan ein seie om det fyldige eksempel-materialet.

For- og ettertekstane

I ei omfattande ordbok som SNRO er det viktig å ha ei god brukarrettleiing. Forklaringane må vere korte og greie, og det må vere enkelt å slå opp i rettleiinga når ein støyter på eit teikn ein ikkje hugsar tydinga til. SNRO kan tene som førebilete for mange her. På bare tre og ei halv side maktar forfattarane å forklare heile apparatet. Framstillinga er svært oversiktleg og lett å finne fram i. Forfattarane har ikkje falle for freistinga å presse for mye informasjon inn på kvar side. At brukarrettleiinga finst på begge språk, gjør ho like enkel å bruke for folk med norsk og russisk som morsmål. Ein detalj: Er bruken av vinkelparentesar i byrjinga av artiklane om preposisjonar forklart? Teiknet ser ikkje ut til å vere heilt identisk med vinkelparentesane som blir beskrivne på s. 17, og vi fann heller ikkje noen forklaring andre stader i brukarrettleiinga.

Ettertekstane består av til saman ti vedlegg. Dei fem første inneheld ymse opplysningar om norske samfunnsforhold. Kor mye realia som bør med i ei ordbok, kan sjølvsagt diskuteras. På den eine sida kan ein seie at desse vedlegga gjør boka tjukkare og dyrare, men når ein tar omsyn til at dei til saman bare tek opp 12 sider i ei bok på meir enn 1600 sider, er ikkje dette noe tungt argument. Ikkje minst russiske brukarar vil her truleg finne mye nyttig informasjon.

Vedlegg 6 er ei ganske kort liste over “dei mest utbreidde og kjende” norske etternamna. Ideen med appendikset er god: Norske etternamn følgjer ofte uttalereglar frå eldre tysk og dansk, det å uttale namn rett er ein måte å vere høfleg på, og det kan vere viktig informasjon. Russiske brukarar kan ikkje utan vidare vite korleis namn som *Aschehoug*, *Aubert* og *Geelmuyden* blir uttalte, og dermed heller ikkje korleis dei bør translittereras. Det kan verke litt tilfeldig kva namn som er med, og kva variantar av dei ulike namna som har fått plass. Fotballentusiastar finn t.d. *Semb* og *Flo*, men ikkje *Solskjær* eller *Carew*. Vidare har ein funne plass til variantane *Knudsen* og *Knutsen*, men bare *Stabell* og ikkje *Stabel*. Men dette er sjølvsagt smådetaljar. Verre er det at godt over halve plassen er brukt opp til namn som blir

uttalt heilt regelrett, t.d. *Anker, Berg, Strøm, Tveit*, og til mange *-sen*-namn. Betre ville det ha vore å ignorere namn som går etter generelle uttale- og transkripsjonsreglar, skrive ei innleiing om uttale av *-sen*-namn (dei skal ha stum *-e-*, og trykk og tonelag er det same som for grunnamnet). Med slike utvalskriteria og ein litt meir kompakt typografi kunne dette appendikset ha dekt store delar av namnematerialet utan å ta opp meir plass.

Vedlegg 8 er parallellen for norske brukarar, og tar opp transkribering av særnamn brukt i norske tekstar. Men vi skulle nok ønskt oss ein litt fyldigare gjennomgang av transkriberinga av norske namn. Forfattarane seier at dei pga. plassmangel bare tar med eksempel ”så det blir brukernes oppgave å utlede relevante regler”. Dette verkar litt lettvint i ei ordbok der alt elles er så grundig og omsorgsfullt gjort, og trass i forsikringa om at ”fremstillingen (er) temmelig fullstendig”, er det langt frå tilfelle. I lista over dei norske namna finn vi at fleire av vokalane er attgjeve med ulike russiske vokalar, men vilkåra for vekslinga er uklår.

Vedlegg 7 er eit om lag 30 siders oversyn over norsk fonetikk og grammatikk av V.P. Berkov. Ettersom teksten er eit fotografisk opptrykk frå Berkov (1987, 1994), skal vi ikkje gå nærare inn på han her. Ein kommentar om typografien er likevel på sin plass. Generelt er SNRO svært innbydande og funksjonell, typografisk sett, men vedlegg 7 er unntaket som stadfestar denne regelen. At skrifta er lita og uklår, er stort sett ikkje anna enn ubehageleg for auga, men i konsonantsystemet på s. 1549 er det faktisk vanskeleg å tyde noen av dei fonetiske teikna. Å setje heile teksten på nytt ville sjølv sagt ha vore arbeidskrevjande, men har ein ikkje ressursar til å setje alt, vil i alle fall tabellane med fonetiske teikn ha godt av å bli sett om att til neste utgåve.

Det å kopiere opp den norske grammatikken frå ei ordbok som gjekk andre vegen, frå russisk til norsk, har likevel andre negative følgjer enn dei reint typografiske. 8 av dei 30 sidene er ei god, systematisk utgreiing om korleis dei sentrale grammatiske konstruksjonane i russisk skal omsetjast til norsk. Dette høyrer opplagt heime i ei russisk-norsk produksjonsordbok, men i SNRO, som jo for dei russiske brukarane er ei resepsjonsordbok, er det malplassert. Det dette kapitlet minner oss om er at det ikkje finst noko tilsvarande appendiks for dei som verkeleg treng det: Ordboka inneheld ikkje noko tillegg om korleis sentrale norske konstruksjonar skal omsetjast til russisk. I staden får vi eit oversyn over bøyingsindeksane for dei russiske orda. Dette mistilhøvet er ei påminning om at norsk leksikografi ikkje er på same høge nivå som den russiske. Dei største norske ordbøkene er til tysk og engelsk, dvs. til språk som skil seg mindre frå norsk enn det russisk gjer. Til ei

ny utgåve bør forfattarane, eller andre delar av det leksikografiske miljøet, prioritere arbeidet med å lage ein norsk-russisk ordboksgrammatikk, og dermed fyller dette holet i norsk leksikografi.

Til slutt gjev forfattarane altså eit oversyn over Zaliznjaks (1977) bøyingsindeksar for russiske ord. Dette er eit komplisert, men svært presist, system, og det er derfor ein vakker gest til lesaren at ein i tillegg til den fullstendige gjennomgangen også har tatt med ein kortversjon med oversyn over substantiv- og verbbøyinga i fortetta form. Sjølv om russisk morfologi har ein dominerande posisjon i russisk grammatikk er det likevel meir å seie om han enn det vi får her – ei framstilling av eit system som primært har vorte laga for russiske brukarar.

Avslutning

Inga ordbok er perfekt – heller ikkje SNRO. Men ho er svært god. Vi er ikkje i tvil om vi her står overfor eit storverk som kjem til å bli ståande i lang tid framover, og vi kan berre håpe at andre ordboksprosjekt vil studere SNRO og ta opp i seg noko av den verdifulle leksikografiske innsikta vi finn her.

Litteratur

- Arakin, Vladimir D. (red.) 1963: *Norsk-russisk ordbok*. Moskva: Statsforlaget for ordbøker på fremmede språk og nasjonalitetsspråk.
- Arakin, Vladimir D. (red.) 2001: *Stor norsk-russisk ordbok (og kortfattet oversikt over norsk språks grammatikk av Mikhail I. Steblin-Kamenskij)*. Moskva: Levende språk.
- Berkov, Valerij 1987: *Russisk-norsk ordbok*. Moskva: Russkij jazyk.
- Berkov, Valerij 1994: *Russisk-norsk ordbok* (2. utg.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Fagordbok for tolker – Norsk-polsk* 1994. Oslo: Folkeuniversitetets Forlag.
- Faarlund, Jan Terje, Svein Lie & Kjell Ivar Vannebo 1997: *Norsk referansegrammatikk*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Haugen, Einar 1965: *Norwegian-English dictionary : a pronouncing and translating dictionary of modern Norwegian [bokmål and nynorsk] with a historical and grammatical introduction*. Oslo : Universitetsforlaget.

- Mathiassen, Terje 1996: *Russisk grammatikk* (2. utg.). Universitetsforlaget: Oslo.
- Prochorov, A.M. (red.) 1970–81: *Bol'shaja sovetskaja ěnciklopedija*. Izdatel'stvo "Bol'shaja sovetskaja ěnciklopedija": Moskva.
- Prochorov, A.M. (red.) 2004: *Bol'shoj ěnciklopedičeskij slovar'* (2. utg.). Naučnoe izdatel'stvo "Bol'shaja Rossijskaja Ěnciklopedija": Moskva/ Norint: St. Petersburg.
- Zalijnjak, Andrej A. 1977: *Grammatičeskij slovar' russkogo jazyka*. Moskva: Russkij jazyk.

Tore Nessel
professor
Humanistisk fakultet
N-9037 Universitetet i Tromsø
tore.nessel@hum.uit.no

Trond Trosterud
forskar
Humanistisk fakultet
N-9037 Universitetet i Tromsø
trond.trosterud@hum.uit.no